ALVER
KOMMUNE

Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As
Fotlandsvegen 39
5282 LONEVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:UABXHN-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 07.10.2022 |
| Vår: 22/7186 - 22/77193 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombels svar på røyrleggjarmelding - gbnr 322/270 Mjåtveit

**Tiltak:** Tilknyting kommunalt vatn og avløp
**Byggjestad:** Rosslandsvegen – Gbnr 322/270
**Tiltakshavar:** Borlaug og Brosvik Eiendom AS
**Ansvarleg søkjar:** Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Før vi kan handsame søknad må vi ha tilsendt teikningar som viser areal (inklusiv mesanin dersom dette er aktuelt), samt bunnleidningsplan som viser kva som skal knyttast på kommunalt avløp.

   Vi gjer merksam på at dersom det skal leggast til rette for reparasjon, vask av kjøretøy og spyling av golv i garasjeanlegg, vil det være krav om oljeutskiljar.

2. Erklæring som er vedlagt søknad må tinglysast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.10.2022.
Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, kan saka verte tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As | Fotlandsvegen 39 | 5282 | LONEVÅG |